



## Referat FAU-møte 18.09.23

### **Tilstades:**

Anne Gunn Feed Jakobsen, Grete Gerritsen, Maiken Grannes, Elena M Sikveland, Ailin Skårland, Øyvind Søyland, Knut Undheim.  
Serina F Sikveland var ikkje tilstades, ei heller vara-representant frå 3. klasse.

### **Godkjenning av innkalling og referat:**

Ikkje kommentert av dei frammøtte.

### **Sak 1/23 Konstituering av FAU 23/24**

Grete Gerritsen – leiar  
Øyvind Søyland – nestleiar og skulemiljøansvarleg  
Ailin Skårland – kasserar  
Elena M Sikveland – skyss-/trafikk-kontakt  
Maiken Grannes – SFO-kontakt  
Serina F Sikveland – styremedlem  
Knut Undheim – sekretær

### **Sak 2/23 Diverse skuledrift** (frå rektor)

- Vekeplan: Ute til måndagar kl 13 (vedteke som standard av FAU). Enkelte har ytra ynskje om vekeplan for påfølgande veke ila fredagen, men dette vil gå ut over kvaliteten. Kun digital vekeplan frå skulen si side, ressurs spørsmål, innarbeida vanar.
- Heimesida: Kome klagar på rotete heimeside. 'Me gjer det beste ut av det grensesnittet me har'. Bilde av personal oppdatert etter skulefoto 04.10..
- iPad: Samlast inn i feriar og helger, fullt opplada fredagar. Elena spelar inn ynskje om dedikert foreldremøte med iPad som tema.
- Mat/'kosemat': Generelt 'mat som er god for læring'. Kosemat ifm jule-, sommaravslutning og turar >1,5 time.
- Klassekontaktmøte: Innspel til temakveld. Går mykje på foreldrерolle, kommunikasjon, grensesetjing. Ynskje om at kontaktlærar ringer heimen ifm skulestart om hausten.
- Helsesjukepleiar: Ytra ynskje om at ho er med på alle foreldremøte, men 1. og 8. klasse vert prioritert.
- 'Skulehagen': Spelt inn frå kommunen for fleire år sidan, ingenting har skjedd. Langs gjerde på baksida av skulen. Delte glassfiberrør (1,5 m i diameter) som plantekassar i første omgang – snarleg prosjekt (Maiken og Kjell Petter).
- Dusjing etter gym: Elevane kan ikkje påleggast, men oppfordrast sterkt. Ikkje når gym er i siste time, kan dusja heime. Mange 'gløymer' klede og sko, gym på sokkeleisten er HMS-problem, får ikkje delta. Òg tendens til 'gidd ikkje viss ikkje gildt'. Tiltakande haldningsproblem.

### **Sak 3/23 Utviklingsplan (til 2025)**

- Jf vedlegg til innkalling.
- Underlag i form av elevundersøking, nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar (lesing, matematikk), lærarkundersøking, foreldreundersøking, Olweusundersøking; vurderes i FAU, kommunalt FAU, SU, dialogmøte. Aktivt brukt og diskutert.

### **Sak 4/23 Olweus-tema på foreldremøta**

- Inn som fast punkt på foreldremøta.
- Aukande usikkerhet i foreldrerollen.
- Føresette-/foredrekveld i november; nettvett/sosiale medier som tema, Øyvind høyrer med Gunnar Sikveland. Evt påfølgande diskusjon i grupper (4 og 4) med lufting i plenum til slutt.

### **Sak 5/23 Avvikssystem**

- Tendens til meir vold og trakassering i skulen. Lærarane registrerer og rapporterer (Qm+).
  - o Atferd, sinne, 'tek alt i verste meining', slag
  - o Uro i klasserommet, forstyrring av undervisning
  - o Språkbruk, kverulering
- Handlingsplan mot vold og trakassering i skulane.
- Påfallande vaksenkontaktbehov hjå mange elevar

### **Sak 6/23 Økonomi**

- Stramme rammer, tre stillingar 'for mykje' i alle fall fram til jul.
- Sjekk evt Kaupang-rapporten ang budsjettering til skule i Time kommune.

### **Sak 7/23 Beramming av div eventar**

- Julefest: pensjonistfest 13.12. kl 10-12 (6-7 pers til grautservering), foreldrefest 14.12. kl 18.
- Foredrekveld: veke 45, spikrast neste FAU-møte.
- Sommarfest: veke 23.

### **Sak 8/23 Beramming av FAU-møte**

- Tys 17.10.23 kl 19
- Ons 22.11.23 kl 19
- Tys 23.01.24 kl 19
- Mån 11.03.24 kl 19
- Mån 06.05.24 kl 19
- Årsmøte juni-24

### **Sak 9/23 Skyss**

- Mykje som ikkje fungerer. Ansvarspulverisering; Kommune. Kolumbus. Sandnes Taxi.
- Viktig at foreldre registrerer alle avvik (rute, dato) og melder skyssansvarleg i FAU (Elena) som kan senda samla klage til Kolumbus.
- Ungdomsskuleelevane må få beskjed om å venta på bussen til Lye langs Sælandsvegen (Grete dialog med Lye u.s.).
- Trafikkfarlege situasjonar i og omkring gangfelt langs dei yngste elevane sin skuleveg. Både bil, sykkel og el-mopedar involverte.

## **Sak 10/23 Innkomne saker**

- Spørsmål omkring bruk av skjerm i matfriminuttet på dei yngste trinna der alle elevane må haldast inne til kvart over 11. Kun èin vaksen tilstades, ressurs spørsmål, fenga og roa ned elevane, kan virka samlande på gruppa (felles oppleving).

Referent Knut Undheim